

PRESSEMELDING

Det rasar på Riksveg 13.

Berre i haust har det gått fleire steinras, store nok til å stansa trafikken og vera nære-på for trafikkantar. Typiske stader er fleire plassar i Rødsliane i Suldal, ved Byrkjanes mellom Odda og Tyssedal i Ullensvang og ved Ylvisåker i Sogndal. Stenging på pga uver og fare for ras har starta opp for Vikafjellet som vanleg kvar haust.

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap som arbeider for at Rv 13, som går mellom Stavanger og Sogndal, skal få auka rammer til betra tryggleik, standard og open veg heile året. Vårt fokus er liv og helse og lang oppetid slik at næringsliv og lokalfolk kan leva og planlegga ein trygg kvardag framover. Medlemmer i interesseselskapet er Rogaland og Vestland fylkeskommunar, kommunane langs ruta samt næringsorganisasjonar og verksemder i Fjordvegregionen.

Nasjonal Transportplan (NTP) set rammer og prioriterer m.a. dei store vegprosjekta som Stortinget ønskjer gjennomført i den komande NTP-perioden, først konkret for seks år og så seks år til. NTP 2022-2033 skal handsamast i Stortinget i juni 2021. Når riksveg 13 er livsåra vår, set NTP rammene for folk og næringsliv sin kvardag for lang tid framover.

For Rv13 har manglande investeringar, auka vedlikehaldsetterslep og aukande trafikk jamnleg forverra tilhøva for både trafikkantar og fastbuande. Rasfare og for dårleg vegbreidd på mange punkt har medført periodisk stenging og trafikkork i sommarhalvåret. Rv 13 kan mogeleg kallast Norges dårlegaste riksveg. Diverre har vegen låg ÅDT (årsdøgntrafikk) på mange målepunkt, men kravet til rassikker og framkomeleg veg bør vera uavhengig av trafikkvolumet. Dagens ujamne standard på Rv 13 hindrar næringsutvikling og gjev vegfarande utrygge reiser langs vegen.

Fjordvegen Rute 13 meiner Rv 13 må prioriterast i komande NTP. Vedlagte brev til Samferdselsministeren underbyggjer argumenta og det er vårt krav at desse vert hensyntekne i NTP 2022-2033.

Kontaktpersonar:

Gerd Helen Bø, styreleiar Fjordvegen Rute 13

gerd.helen.bo@suldal.kommune.no

Mob. 41473037

Jostein Eitrheim, dagleg leiar Fjordvegen Rute 13

jostein.eitrheim@hardangerraadet.no

Mob. 47669524

Hanne Sundbø, seniorkonsulent Fjordvegen Rute 13

hanne@hagalid.net

Mob. 98219973

Vedlegg: Brev til Samferdselsministeren